

No går året mot slutten, og eg vil takka elevar, føresette og lærarar for eit år fylt med glede og læring. Aktivitetene i kulturskulen gjer kvardagen rikare og mange born gleder seg til kulturskuletimene veke etter veke. Eg vil spesielt takka føresette for det store engasjementet og innsatsen de legg ned for elevane våre. Foreldra sitt engasjement betyr mykje for elevane si utvikling og trivsel. Det er ei stor glede å sjå korleis elevane utviklar seg enten dei er nybegynnere eller vidarekomende.

Kulturskulen ser fram til nye opplevingar i det komande året 2026!

Blant anna har me planar om å arrangere ein «film-musikk» kveld. Astri Sudman kjem til skulane veke 3 og skal undervise i folkedans. I slutten av mai blir det eit kunstprosjekt med klasse 8a og 8b i Flatbygdi skule og med meir. Meir info om aktivitetane kjem om ikkje så lenge.

GOD JOL!

Me håpar Jula vert ei tid for kvile, varme og inspirasjon, der både små og store får rom til å drøyma og vera saman. Kulturskulen ønskjer dykk alle ei fredeleg og gledeleg jol – og eit godt nytt år!

Glimt frå hausten '25 her: https://www.youtube.com/watch?v=tpTvFnd_mJs

Julehelsing

Eivor, Astrid, Oddrun, Brit Eli, Marianne, Mona, Hege og Dora!